

NYTT FRÅ PROGRAM FOR SKULEBIBLIOTEKUTVIKLING NOVEMBER 2012

Kurs for prosjektskulane

Dei femti nye prosjektskulane dette skuleåret har no vore gjennom det første av dei to obligatoriske etterutdanningskursa. Dei har òg fått tildelt rettleiar som skal følgje dei gjennom prosjektperioden. Nokre av skulane samarbeider om utviklingsprosjekta sine. Oversikt over prosjektskulane og smakebitar frå prosjekta deira finn de på www.skolebibliotek.uia.no

Skolebibliotekprosjekt i Finland

Ved Universitetet i Oulu har finnane i haust starta opp eit nasjonalt utviklingsprosjekt innanfor skulebibliotek. Prosjektet, som har tittelen Lukuinto (Läslust), har som mål å auke dei finske elevane sin lese lyst, leseferdigheit og informasjonskompetanse.

Ein delegasjon frå det finske prosjektet vitja i midten av oktober Program for skulebibliotek-utvikling for å høyre om røynsleane frå Noreg.

Les meir om besøket og det finske programmet på nettstaden vår www.skolebibliotek.uia.no

Erfaringskonferansen i Kristiansand 4. og 5. juni 2013

Ressursskulane i Program for skulebibliotekutvikling (dei som har toårige prosjekt) presenterer prosjekta sine den 4. og 5. juni på Universitetet i Agder, Kristiansand.

I tillegg til presentasjon av skuleprosjekta, faglege foredrag og utstilling, vil ein publikasjon om skulane vere klar til konferansen. Set av desse dagane allereie no!

Beste helsing

Siri Ingvaldsen

Fagleg leiar

siri.ingvaldsen@uia.no

38 14 20 16 / 907 89 828

Anne Kari Slettan

Prosjektkoordinator

anne.k.slettan@uia.no

Tlf: 38 14 11 75

Inger Berg Wilhelmsen

Nettredaktør

inger.e.wilhelmsen@uia.no